# Radøy kommune

Økonomisjef

Finansinnkjøp AS
Dyrløkkeveien 13
1448 DRØBAK

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 17/5 - 17/41 | Sveinung Kvamme<br>sveinung.kvamme@radoy.kommune.no | 02.01.2017 |

## Førespurnad om konsulentbistand i samband med ny bankavtale

Radøy kommune har i dag bankavtale med Sparebanken Vest. Avtalen er i praksis utgått, og vert sagt formelt opp av Sparebanken Vest med verknad frå 31.3.2017.

Radøy kommune skal difor ut på anbod med ny bankavtale frå 1.4.2017, i utgangspunktet gjeldande fram til vedteken kommunesamanslåing frå 1.1.2020.

Radøy kommune ønskjer pristilbod på konsulenthjelp i samband med anbodsprosessen. Konsulenthjelpa skal omfatta:

- Utarbeiding av komplett konkurransegrunnlag, i samarbeid med Radøy kommune
- Kunngjering og oppfølging av anbodet på Doffin
- Mottak og evaluering av anbod
- Forhandling med tilbydarane
- Innstilling, melding til tilbydarar og nødvendig oppfølging fram mot signert bankavtale
- Utarbeiding av komplett elektronisk dokumentasjon for prosessen, i arkivgodkjent format, som skal overleverast Radøy kommune seinast ein månad etter at bankavtale er signert.

Pristilbodet skal gjevast som ein fast pris, som omfattar alle elementa ovanfor. Reisekostnader vert dekka særskilt, etter nærare avtale.

Pristilbod skal sendast på epost til postmottak@radoy.kommune.no innan 15.01.2017, merka «Konsulenthjelp bankavtale – sak 17/5».

Med helsing

Sveinung Kvamme
økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen Capital Management AS | C. Sundtsgt 37 | 5004 | BERGEN |
| Finansinnkjøp AS | Dyrløkkeveien 13 | 1448 | DRØBAK |
| FinCorp Norge | Postboks 235 Skøyen | 0213 | OSLO |